

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 28.08.2017

Vår ref.: 201703258-5

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Steinar Pettersen

22959403/stp@nve.no

## Vest-Telemark Kraftlag AS – Søknad om løyve til Trontveitåna kraftverk i Nissedal kommune i Telemark – høyring

NVE har motteke ein søknad frå Vest-Telemark Kraftlag AS, datert 18.08.2017, om løyve til Trontveitåna kraftverk i Nissedal kommune.

Kraftverket vil nytte eit fall på 194 m mellom kote 445 og 251 i Trontveitåna. Vassvegen mellom inntaket og kraftstasjonen vil bli eit nedgrave røyr med diameter 600 mm og lengd 1600 m. Det må byggjast nye vegar til inntak og kraftstasjon på til saman 220 m, og langs røyrtraseen vil det byggjast ein traktorveg med lengd 400 m. Middelvassføringa ved inntaket er 362 l/s, og kraftverket vil er planlagd med ei maksimal slukeevne på 781 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,3 MW, og vil etter planen gje ein gjennomsnittleg årleg produksjon på 3,7 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1800 m lang elvestrekning i Trontveitåna. Det er planlagd slepp av minstevassføring på 10 l/s heile året. Det eksisterande Trontveit kraftverk, som har ein installert effekt på 110 kW, vert fjerna dersom Trontveitåna kraftverk blir bygd.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Trontveitåna kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vannressursloven og gjeld løyve etter vannressursloven § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker), og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

NVE ber Nissedal kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på i resepsjonen i kommunehuset med adresse Treungvegen 398, 3855 Treungen fram **til 09.10.2017**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**

Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**

Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

**Region Nord**

Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**

Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**

Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**

Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via [www.nve.no/konsesjonsaker](http://www.nve.no/konsesjonsaker) så snart som mogeleg og seinast innan **09.10.2017**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

NVE vil halde sluttsynfaring av tiltaksområdet tysdag 26.09.2017 kl. 12.30. Vi ber om at påmelding til synfaring sendast på e-post til [stp@nve.no](mailto:stp@nve.no) innan 21.09.2017. Påmeldinga må innehalda namn på deltakar(ar), eventuelt frå kva etat/organisasjon, og mobilnummer. Opplysning om oppmøtestad vert gitt seinare.

Med helsing

Øystein Grundt  
seksjonssjef

Steinar Pettersen  
seniorrådgiver

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg:        Orientering til høyringspartane  
                  Kopi av kunngjeringstekst

Mottakerliste:

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard  
Forum for Natur og Friluftsliv Telemark  
Friluftsrådet Sør  
Fylkesmannen i Telemark  
Naturvernforbundet i Telemark  
Nissedal kommune  
NJFF – Telemark  
Norges Miljøvernforbund  
Norges Padleforbund  
SKAGERAK NETT AS  
Statens vegvesen - Region sør  
Telemark fylkeskommune  
Telemark Turistforening

Kopi til:

Vest-Telemark Kraftlag AS